



Saksframlegg

Søknad om grensejustering Lauvraksvegen 10 - tomt 4 i Reguleringsplan for Moghusfeltet

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Jan A. Søreng og Kari Mandt kjøpte i 2021 tomt 4 i Moghusfeltet. Ved synfaring før tomtekjøp var ikkje grensene sett ut i marka. Kommunen vart kontakta før kjøp med spørsmål om det var kommunale VA-leidningar i området som kunne legge restriksjonar på tomte utnyttinga. Tilbakemelding frå kommunen den gong var at det skulle det ikkje vere. Tidlegare i sommar har dei gjort grovplanering av tomta for å sjå kva hustype som best vil passe på tomta. Under dette arbeidet syner det seg at VA-leidningar krysser tomta i nord og gjer det vanskeleg å utnytte tomta som planlagt. Innkøying på tomta vil vere i nordvestre hjørne og mest naturlege plassering av garasje vil vere i nord austre hjørne.

Med bakgrunn i dette søker dei nå om å få utvide tomta om lag 4 m sørover mot tomt 7.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for attraktive bustadområde.

På vedlagde bilete er eigedomsgrensa markert med lysblå strek og trase for VA med raud strek. På flyfoto er eigedomsgrensa grøn og det er trekt ei rett linje mellom kum plasseringar ovanfor og nedanfor tomtegrensa.

Best eigna plassering av innkøying på tomta er i nordvestre hjørne mot Lauvraksvegen 8, da høgde forskjellen er minst på denne sida av tomta.

Kart og bilete syner at VA-traseen ligg om lag 1,5 meter inn på tomta i nord vestre hjørne, om den går heilt beint i mellom kummane. Prinsippskisse for grøftetversnitt for bygging av anlegget, syner at det skal vere ein overdekning på 2 meter i VA-grøfter.

Grøfte traseen som går inn på tomta gjer det vanskeleg å få trauet ned tomta og utnytta denne delen av tomta som planlagt ved tomtekjøp. Ønskje er å plasser ein garasje i området.








Søreng og Mandt ønskjer å flytte grensa i sør om lag 4 meter sørover for å få ei grei arrondering av tomta. Dette vil bety og ta ein bit av tomt nr 7. Dette utgjør eit areal på om lag 120 m² av tomt 7.

Som kartutsnittet under syner er tomt 7 allereie redusert med om lag 217 m², da tomt nr 12 ikkje er målt opp slik planen syner. Dette har gjort tomt 7 veldig smal og vanskeleg å nytte på ein fornuftig måte.



Konklusjon:

Tomt 7 er allereie redusert ein god del og på ein slik måte at den er blitt smal og vanskeleg å nytte på ein fornuftig måte. Tomt 12 er seld og ein kan derfor ikkje gå tilbake på utforminga av den tomta. Ein kan derfor ikkje sjå noko i vegen får å gje løyve for flytting av tomtegrensa til tomt 4 om lag 4 meter sørover. Det resterande av tomt 7 kan da tilbakeførast til grønstruktur.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Med bakgrunn i vurderinga over gis det løyve til å flytte tomte grensa på tomt nr 4, Lauvraksvegen 10 i Moghusfeltet, om lag 4 meter mot sør.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør